



Frp går ut av regjering:  
Terje Søviknes er ferdig  
som statsråd

NYHENDE / SIDE 11

# Os & Fusaposten

NR. 6 - 34. ÅRG. TYSDAG 21. januar 2020 LAUSSAL KR 30

[www.osogfusa.no](http://www.osogfusa.no)

## Os juniorbridgeklubb har gode kort på handa



**OS JUNIORBRIDGEKLUBB**  
opplever stadig aukande  
interesse. I helga var 30-40  
kortspelarar samla døgeret  
rundt på Nore Neset barne-  
skule. Mellom dei var ein  
spelar heilt i verdstoppen.

REPORTASJE / SIDE 12 og 13



7 043432 312313



## & REPORTASJE

Send inn tips til e-post:  
[post@osogfusa.no](mailto:post@osogfusa.no)  
 eller ring 56 30 29 50

Os juniorbridgeklubb arrangerte turnering på Nore Neset barneskule denne helga. Mange spelarar kom langvegs frå, og arrangørane syntest det var ekstra stas at Christian Bakke – som er i verdseliten, valde å ta del.

► **Benjamin Søgne Olsen**  
[benjamin@osogfusa.no](mailto:benjamin@osogfusa.no)

– Det er stort sprik i nivået på spelarane her, fortel Torhild Rasmussen og legg til:

– Du har nokre som klarer å halda korta sine for første gong utan hjelpemiddel, og så har du Christian Bakke, som er proff og i verdseliten. Veldig kjekt at han ønskte å vera med her.

26 spelarar var samla på Nore Neset for å ta del i turneringa. Det var lagt opp til ei turnering med inntil 24 par. Fullt så mange blei det ikkje denne gongen. Av 13 par, var fire av dei frå Os juniorbridgeklubb. I tillegg tok Carl Otto Curran og Thea Hauge del i tevlinga. Dei to er osingar, men spelar for andre klubbar. Det kom ikkje som ei overrasking at det var Christian Bakke og makker Christian Johnsen som stakk av med hovudpremien på 3.000 kroner. Anders Brogeland og Marius Austad tok andreplassen nokre få poeng framfor Thea Hauge og Katarina Ekren. Det var i det heile mange premiar som blei delte ut i løpet av laurdagen.

– Det er seks spurtpremiar per runde, og det blei spelt 13 rundar. Altså 78 spurtpremiar, fortel Leif Juvik.

Hovudpremiene, til dei tre para som sank flest poeng, var på 3.000-, 2.000-, og 1.000 kroner.

– SpareBank1 SR Bank gav oss 20.000 kroner, seier Juvik.

At det er mange unge bridgespelarar som har teke med seg mykje lærdom frå spelninga laurdag, er Juvik og Rasmussen sikre på. Det var tydeleg at nokre av dei var dyktig slitne då spelninga gjekk mot slutten. Etter premieutdelinga, venta avslutning med taco og kahoot.

– Det er 16 av ungdomane som har overnatta her på skulen. Frå bridgeklubben har det vore mange innom for å hjelpa til, og vi har hatt to vakter som har vore vakne om natta. Det er eit krav frå brannvesenet, seier Rasmussen.

Junior-avdelinga til bridgeklubben blei starta i februar 2018. På dei første spelkveldane i biblioteket var det berre ei handfull som møtte opp. Slik er det ikkje i dag.

– Ryktet gjekk kjapt. No kan vi fort vera 20–30 på gode fredagar. Talet på ein dårleg fredag er 10–14, fortel Juvik.

Det blei ikkje fullt så mange påmelde som dei hadde truidd og håpa på denne gongen, men Juvik har stor tru på at dei skal klara å fylla gymsalen neste gong.

– Til dømes er det nokre frå Rogaland her, men det kunne ha vore mange fleire derifrå, for der er det mange som spelar bridge. Neste gong kan det fort koma ein full buss med rogalendingar. Då hadde vi fylt heile gymsalen, seier Juvik og smiler.

# Premiedryss på u



**SPENNING:** Resultata blei sjølvsgagt oppdaterte live. Det var spanande for spelarane å følgja med. Foto: Benjamin Søgne Olsen



# unge bridgespelarar



**STOR SPELAR:** Arrangørane var glade for at Christian Bakke, som er i verdseliten, valde å ta turen til junior open på Nore Neset. Foto: Benjamin Søgne Olsen



**BRA INTERESSE:** Junioravdelinga til bridgeklubben vart starta i februar 2018. - Ryktet gjekk fort. No kan vi vera 20-30 spelarar på ein god spelkveld, fortel Leif Juvik. Foto: Benjamin Søgne Olsen

